

From: Thomas Bjørkeland <Thomas.Bjorkeland@museumvest.no>
Sent: onsdag 30. juni 2021 10.39
To: NVE; 'post@vlfk.no'; Tore Sløning
Subject: Vedr. Høyring av søknad om løyve til Tveitafoss kraftverk i Bjoreio i Eidfjord kommune i Vestland. Forholdet til kulturminne i vatn.

**Vedr. Høyring av søknad om løyve til Tveitafoss kraftverk i Bjoreio i Eidfjord kommune i Vestland.
Forholdet til kulturminne i vatn.**

Me viser til brev motteke frå NVE, 25.03.2021.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Tveitafoss kraftverk i Eidfjord kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Slik me vurderar det så vil ein ny konsesjon ikkje føre til endra bruk eller tiltak.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegne i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing,

Thomas Bjørkeland | Bergens Sjøfartsmuseum
Marinarkeolog | +47 55 54 96 11
www.museumvest.no

